



Vi lærer om respekt og likestilling

I Rammeplanen står det at barnehagen skal tilby alle barn eit rikt, variert, stimulerande og utfordrande læringsmiljø, uansett alder, kjønn, funksjonsnivå, sosial og kulturell bakgrunn. Dette tyder at omsorga og aktivitetstilbodet må verte tilpassa kvart einskild barn og den aktuelle barnegruppa. Denne veka har vi fokus på at små barn og andre barn med særskilde behov også må takast på alvor. I "Temaheftet for likestilling i det pedagogiske arbeidet", gjeve ut av Kunnskapsdepartementet, vert det uttrykt slik: *En styrer fortalte at det ble lagt for mye vekt på trygghet, forstått som rutiner, på noen småbarnsavdelinger. «Vi må legge den faglige lista høyere», sa han. Hva man gjør og kan gjøre (eller ikke gjør) sammen med små barn, blir ikke i stor nok grad utfordret, mente han. Likestilling i denne sammenhengen er å anerkjenne de minste barna som likestilte med de større barna og gi dem lik verdi når det gjelder hvordan avdelingen fortolker barnas lek og samhandling gjennom dagen. Det barn erfarer før dei er tre år, legg plattform for resten av livet, også når det gjeld grunnleggjande ferdigheiter. Sjå på dette vekes-opplegget, som er spesielt tilrettelagt for barn mellom 0 og 3 år, og erfar alt dei lærer!*

Opplegget tek utgangspunkt i stasjonsarbeid med korte presentasjonsøker kombinert med fysisk aktivitet. Sauseintrykk skapar koplingar i hjernen og repetisjon av desse gjer koblingane sterkare og meir varig. Dess betre nettverk av koplingar eit barn har tidleg, dess lettare vert læring seinare. Lag difor tre stasjonar og introduser nye bokstavar og lydar, mengder og omgrep på kvar stasjon for barna. Bruk omgrepa i naturlege situasjonar i løpet av dagen også, og legg på den måten til rette for den gode samtalen som utdjuper forståinga ytterlegare.

Denne veka får barna erfare

- Lik og ulik, jf. Tal, rom og form
- Geometriske figurar og mengder, jf. Tal, rom og form
- Lettlest Maxibok om Respekt, jf. Kommunikasjon, språk og tekst / Danning
- Lære bokstavene/lydene U, L, I, K, jf. Kommunikasjon, språk og tekst
- Skrivning og ordklassen adverb, jf. Kommunikasjon, språk og tekst
- Krabbe, snurre, fly, jf. Kropp, rørsle og helse
- Lage aktivitetslykkehjul, jf. Kunst, kultur og kreativitet / Kropp, rørsle og helse
- Mestringsopplevingar og skaparglede, jf. Danning

Stasjonar 1. dag

1 Geometriske figurar

Klipp ut korta med dei geometriske figurane og vis barna. Sei: "No skal de få sjå to geometriske figurar. Dette er ein sirkel og dette er ein trekant." Gjer dette mens du viser bileta i hurtig tempo. Bla bakfra og bruk tydeleg mimikk. Sei namnet på biletet akkurat når barna ser biletet for å lage ei sikker kopling mellom lyden og det dei ser. Gjer det ein gong til etter at du har stokka korta.

Krabb vidare til neste stasjon.

2 Maxiboka om respekt, nøkkelord

Skriv ut boka og bind ho inn slik det står skildra. Sei: "No skal vi lære nøkkelorda i boka om respekt". Vis nøkkelorda i boka i hurtig tempo. Forklar eitt av orda kvar gong.

Fly vidare til neste stasjon.

3 Dei små bokstavane sin lyd

Klipp ut bokstavkorta og vis barna. Sei: "Dette er dei små bokstavane sine lydar: u, l, i, k". Gjer dette mens du viser ein og ein bokstav i hurtig tempo. Bla bakfra og bruk tydeleg mimikk. Sei lyden akkurat når barna ser bokstaven for å lage ei sikker kopling mellom lyden og det de ser. Gjer det ein gong til etter at de har funne noko som byrjar på lyden i.

Snurr vidare tilbake til start. Gjennomfør to slike runder dagleg. Det tek omlag 10 minutt tilsaman.

Dome på ei Bravo-runde



Stasjonar 2. dag

1 Dei store bokstavane sine lydar

Klipp ut bokstavkorta. Sei: "Dette er dei store bokstavane sine lydar: U, L, I, K". Gjer dette mens du viser ein og ein bokstav i hurtig tempo. Bla bakfra og bruk tydeleg mimikk. Sei lyden akkurat når barna ser bokstaven for å lage ei sikker kopling mellom lyden og det de ser. Gjer det ein gong til etter at de har funne noko som byrjer på lyden U.

Krabb vidare til neste stasjon.

2 Er lik og er ulik

Klipp ut reknesymbola og vis barna. Sei: "Dette tyder "er lik" og dette tyder "er ulik"". Gjer dette mens du viser bileta i hurtig tempo. Bruk tydeleg mimikk. Sei namnet på symbolet akkurat når barna ser det for å lage ei sikker kopling mellom lyden og det de ser. Legg fram ein sirkel og ein trekant med ulik-tegnet i mellom. Fortel kva du ser og gjer. Legg deretter ned to trekantar med er lik-tegnet i mellom. Vis reknesymbola ein gong til.

Fly vidare til neste stasjon.

3 Maxiboka om respekt, nøkkelord

Vis og les nøkkelorda frå i går. Forklar eitt av orda.

Snurr vidare tilbake til start.



Stasjonar 3. dag

- 1 Bokstavane og reknesymbola**
 Repeter lydane til dei store bokstavane og lydane til dei små bokstavane. Legg ut reknesymbola med tekst og symbol på golvet. Sei: "Slik skriv vi lik: l, i, k". Gjer dette mens du legg bokstavane ned i barna si leseretning. Så tek du fram u og legg den til. Sei: "No står det ulik".

Rull vidare til neste stasjon.

- 2 Mengder**
 Klipp ut mengdebrikkene og vis barna korta i hurtig tempo mens du seier kor mange prikkar de ser. Det er ikkje nødvendig å telje dei, berre sei kor mange der er. Stokk korta og vis dei ein gong til. Mengdene treng ikkje vere i rekkefølge kvar gong.

Krabb vidare til neste stasjon.


- 3 Maxiboka om respekt, faktasetningar**
 Repeter nøkkelorda og les/vis faktasetningane om respekt og vis biletet tilslutt. Fortel kva du ser på biletet.

Snurr tilbake til start.

Stasjonar 4. dag

- 1 Mengder**
 Vis barna mengdekorta i hurtig tempo mens du seier kor mange prikkar de ser. Det er ikkje nødvendig å telje dei, berre sei kor mange der er. Stokk korta og vis dei ein gong til. Mengdene treng ikkje vere i rekkefølge kvar gong.

Krabb vidare til neste stasjon.



Ill.: Oddvar Almenning

- 2 Maxiboka om Respekt, spørsmål**
 Samles heile boka om respekt. Samlesing tyder at barna ser teksten medan den vaksne les høgt. Vis biletet og bla over til sida med spørsmåla. Still barna eit spørsmål og sjå om dei ønsker å svare. Dersom dei nøler viser du på valbrettet kva som er riktig svar (sida med svaralternativ). Gjer det same med alle tre spørsmåla. Lottokorta kan klippast ut og leikast med saman med mengdekorta og bokstavkorta i løpet av veka. Boka er frå no av tilgjengeleg for barna i ei hulle på avdelinga.

Fly til neste stasjon.

- 3 Vi utforsker aktivitetslykkehjulet**
 Klipp ut aktivitetslykkehjulet og fest arma med ein splittbinders. (Kan være lurt å klippe og laminere på forhånd så går det litt raskare.) Snurr hjulet og gjer tre ulike aktiviteter på staden der de er. Bruk den siste aktiviteten til å forflytte dykk til neste stasjon.

Stasjonar 5. dag

- 1 Vi lagar ord**
 Ta i bruk dei fire små bokstavane i tillegg til f/n fra FN-opplegget i oktober og k/l/e/m fra desember. Vis barna kva for ord vi kan skrive med dei:
lukk, kile, fille, kule, flekk

Krabb vidare til neste stasjon.

- 2 Vi reknar**
 Vel ut kort som du kan lage reknestykker med og reknesymbola. T.d. $2 + 3 = 5$. Legg korta på golvet og sei kva du ser og kva du gjer. Vis også eit reknestykke som ikkje blir likt, men ulikt.

Snurr tilbake til neste stasjon.

- 3 Aktivitetslykkehjulet og adverblykkehjulet**
 Her skal de bruke begge lykkehjula. Snurr først for å velge aktivitet. Snurr deretter for å velge korleis de skal gjere aktiviteten. Gjer dette tre gongar.



Bruk den siste aktiviteten til å forflytte dykk til neste stasjon.

Tips! Variasjon i kroppslege uttrykk kan vere ein del av utforskinga av eigen identitet og gjere dei vaksne kjend med nye sider av barna. "Er eg berre stille og forsiktig?" "Eg hadde ikkje trudd at ho klarte å bevege seg så sakte."

Klipp ut alle bokstavane


Lær dei store bokstavane sine namn og lydar og dei små bokstavane sine namn og lydar. Finn forbokstaven til dyra og spel lotto/memory med bokstavane. Gå på Skattejakt etter noko som byrjar på ein bestemt lyd og opplev det de finn med sansane.






Klipp ut alle lottobrikkene


Lær reknesymbola for "er lik" og "er ulik". Bli kjend med mengder og geometriske figurar. Erfar kva for nokre som er like og ulike. Utforsk reknestykke og geometriske figurar med barna ved å plassere brikker på kvar side av reknesymbola. Nokre gongar treng vi "er lik", andre gongar "er ulik". Døme: $2+3=5$, trekant \neq sirkel







er lik

er ulik









Aktivitetslykkehjul

Snurr og sjå kva for aktivitet de skal gjere. For å utforske ulike måter å bevege seg på finn du eit adverblykkehjul på neste side. Snurr aktivitetslykkehjulet først, deretter adverblykkehjulet og prøv kombinasjonane saman.



Adverblykkehjul

Eit adverb modifierer eit verb. Her skildrar ordet korleis de skal utføre aktiviteten slik at alle får erfaring med ulike måtar å bevege seg på. Passar ikkje kombinasjonen? Snurr på nytt! Til dømes: Fly svakt kan vere litt vanskeleg, eller?

